



FN-SAMBANDET
UNITED NATIONS ASSOCIATION OF NORWAY

Appell ved ungdomsskular og videregående skular som feirar FN-dagen 2020

Kjære alle saman

Det er lett å bli motlaus når vi scrollar nedover ein nettstad for å sjekke dei siste nyhendene. Kriser i demokratiet, klimakrise, global pandemi, flyktningkrise, krig og terrorhandlingar. Men har de tenkt over at vi faktisk ikkje har hatt krigshandlingar mellom stormaktene i verda på 75 år? Målet med FN i 1945 var å unngå framtidige krigshandlingar. Vi veit ikkje korleis verda hadde sett ut utan FN, men gjennom FN møtast alle verdas land for å kome fram til løysningar på verdas utfordringar.

Samtidig ser vi i dag mange dømer på at det internasjonale samarbeidet er under press. Stadig fleire land søker løysningar for seg sjølv framfor å stake ut ein felles kurs. Vi ser eksempler på statsleiarar som innskrenkar rettane til befolkninga, eller som lar alvorlege menneskerettsbrot skje i eige land. Samarbeid på tvers av landegrenser trengs dersom vi skal nå vår felles visjon om ei tryggare, meir rettferdig og berekraftig verd.

Vi er no inne i det som kallast «tiåret for handling». Det er tiåret der vi skal nå FNs berekraftsmål. 17 mål som skal gi verda ein ny og meir rettferdig kurs. Der klimaendringane skal takast på alvor, verdssøkonomien skal bli meir rettferdig, der vi skal sette søkelys på likestilling og ikkje-diskriminering og landa skal samarbeide for å få det til. Heldigvis har vi dykk ungdommar til å hjelpe oss med dette.

For til tross for alt det negative vi ser i nyheitene kvar dag, ser vi ein spire av håp. Dykk som er ungdom i dag, gir ein enorm framtidsoptimisme. De seier ifrå når urett skjer. De streikar fordi voksne ikkje gjer nok for klima. De protesterer i gatene eller seier ifrå i sosiale media når andre opplev rasisme. Det er mange ferske eksempler som viser at det er dei unge som no står opp for rettferd og fred.

Fortsett denne kampen! Ver den som fortsett å kreve og ver den stemma som ikkje sluttar å seie ifrå når urett skjer. Verda treng dykk!

I dag feirer vi FN-dagen og at det er 75 år sidan FN blei oppretta. Det fortener ei skikkeleg markering!

Takk for at de er med. Saman kan vi endre verda. Gratulerer med dagen!